

Pressemelding frå Stranda kommune – Tiltak i samband med koronasituasjonen

Med bakgrunn av sentrale føringar pålegg kommuneoverlegen følgande smitteverntiltak:

- Besøksforbud til alle kommunale omsorgsinstitusjonar som sjukeheimar og omsorgsbustadar gjeld til og med måndag 16.03.20.
- Skular og barnehagar er stengt frå fredag 13.03.20
- NAV og servicekontoret er stengt for publikumstrafikk, ta kontakt pr telefon eller e-post for nødvendig avtale. Tlf. sentralbord: 70 26 80 00 e-post: post@stranda.kommune.no
- Alle idretts- og kulturarrangement er avlyst
- Offentleg idrettshall, gymsalar, svømmebasseng, bibliotek og Storfjord Kulturhus er stengt
- I samråd med Stranda hamnevesen og sentrale beredskapsanbefalingar pålegger smittevernslegen forbud om ilandstiging frå cruiseskip i Stranda kommune.

Restriksjonar for helsepersonell oppdaterast på www.fhi.no

Oppmodar alle til å unngå reiser som ikkje er strengt nødvendig, både innanlands og utanlands.

Alle som kjem frå utanlandsreiser utanom nordnorden SKAL i heimekarantene i 14 dagar, uavhengig om dei har symptom eller ikkje. Dette er rekna frå 27. februar.

Følg oppdatert informasjon på www.fhi.no

Stranda, 12.03.20 kl. 19:00